

St.prp. nr. 67

(2003–2004)

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet)

*Tilråding frå Utanriksdepartementet av 28. mai 2004,
godkjend i statsråd same dagen.
(Regjeringa Bondevik II)*

1 Bakgrunn

Det formelle grunnlaget for kultursamarbeid med EU er lagt til protokoll 31, artikkel 13 om kultur i EØS-avtala. Ved handsaminga av St.prp. nr. 37 (1999–2000), jf. Innst. S. nr. 132 (1999 – 2000), vedtok Stortinget at Noreg skulle ta del i EUs første rammeprogram for kultur, det såkalla Kultur 2000-programmet. Programmet vart skipa ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 508/2000/EF av 14. februar 2000 og gjeld for ein periode på fem år, frå 2000–2004.

Ved europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om endring i avgjerd nr. 508/2000/EF av 14. februar 2000 om fastsetjing av Kultur 2000-programmet, vart det vedteke at programmet skal vidareførast med to år, dvs. i perioden 2005–2006. Avgjerda inneber ei vidareføring av programmet slik det er skissert i avgjerd nr. 508/2000/EF. Endringane gjeld programperioden og den økonomiske ramma for programmet. Teksta i avgjerd nr. 508/2000/EF er elles den same. Avgjerda er heimla i artikkel 151 i traktaten.

Vidare norsk deltaking i programmet gjer det naudsynt med samtykke frå Stortinget til den toårige lenginga av programmet og til løytingsved-

tak. I medhald av § 26 andre leddet i Grunnlova er det derfor ein føresetnad at Stortinget gjev sitt samtykke til godkjenning av avgjerda i EØS-komiteen. Med sikte på at Noreg og dei andre EØS/EFTA-statane skal kunne ta del i programmet så tidleg som råd, vert det lagt opp til at stortingsproposisjonen vert fremja før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Ei avgjerd er venta i EØS-komiteen på hausten 2004.

Europaparlaments- og rådsavgjerda og utkastet til avgjerd i EØS-komiteen i uoffisiell norsk omsetjing følgjer som trykte vedlegg til proposisjonen.

2 Nærmare om Kultur 2000-programmet

Programmet gjev økonomisk stønad til samarbeidsprosjekt mellom europeiske kulturoperatorar. Programmet tek sikte på å få oppfylt ei rekkje mål:

- fremming av eit felles kulturområde for europearane gjennom å framheve dei kulturelle felles trekka deira
- respekt for og fremjing av kulturelt mangfald

- c. kreativitet som ei kjelde til berekraftig utvikling innanfor det felles kulturområdet
- d. kulturell medverknad til sosial samhoysrle
- e. utbreiing av kjennskapen til europeiske kulturar i tredjestatar og dialog med andre kulturar i verda

Programmet gjev stønad til eittårige og fleirårige prosjekt. Det vert mellom anna gjeve stønad til prosjekt på områda visuell kunst, utøvande kunst, litteratur og kulturarv og til omsetjing av europeiske litterære verk. Større prosjekt som er særleg viktige for europeisk kulturliv, som til dømes dei europeiske kulturhovudstadene og dei europeiske kulturarvdagane, kan òg få stønad.

For eittårige og fleirårige prosjekt er det ein føresetnad at kulturoperatorar frå fleire land tek del i prosjektet. Det vert ikkje gjeve stønad til enkeltpersonar, berre til organisasjonar. Prosjektmidlar vert lyst ut årleg, og prosjekta vert valde ut på grunnlag av fagleg kvalitet.

Det er skipa ein forvaltingskomité med representasjon frå deltakarlanda. Komiteen skal uttale seg om prioriteringar og generelle retningslinjer for den årlege gjennomføringa av tiltaksområda, prosedyrar for utveljing av prosjekta og fordeling av stønad. Ved behov for votering gjev komiteen fråsegn i samsvar med gjeldande prosedyrar for avrøysting i forvaltingskomitear. Noreg tek del i komiteen med same rettar og plikter som medlemsstatane med unntak av røysterett.

3 Konstitusjonelle tilhøve

Ettersom den norske deltakinga i programmet inneber økonomiske utgifter av ein viss storleik, og ettersom programmet skal finansierast over fleire år, må Stortinget gje samtykke til deltaking i avgjerda i EØS-komiteen, jf. § 26 andre leddet i Grunnlova.

For å hindre at Noreg seinkar iverksetjinga av avgjerda, og for å gjere det mogleg for EFTA/EØS-statane å ta del i programmet så tidleg som råd, gjer Regjeringa framlegg om at Stortinget gjev sitt samtykke før avgjerda vert teken i EØS-komiteen. Det vil dermed ikkje vere naudsynt for Noreg å ta atterhald for konstitusjonelle prosedyrar ved deltakinga. Det er ikkje venta at det vil kome endringar i utkastet til avgjerd i EØS-komiteen. Derksom den endelege avgjerda viser stort avvik frå det utkastet som er lagt fram i denne proposisjonen, vil saka verte lagd fram for Stortinget på nytt.

4 Avgjerda i EØS-komiteen

Avgjerda i EØS-komiteen om deltaking av EFTA/EØS-statane i vidareføringa av Kultur 2000-programmet inneheld ei innleiing og tre artiklar. I innleiinga vert det vist til artikkel 86 og 98 i EØS-avtala som gjer det mogleg for EØS-komiteen å endre vedlegga til avtala gjennom avgjerd i EØS-komiteen.

Artikkel 1 slår fast at europaparlaments- og rådsavgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 skal innlemmast som eit nytt nr. 4 i protokoll 31 artikkel 13.

Artikkel 2 slår fast at avgjerda tek til å gjelde dagen etter at EØS-komiteen har motteke den siste meldinga etter artikkel 103 nr. 1 i avtala. Avgjerda skal gjelde frå 1. januar 2005.

Artikkel 3 slår fast at avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Den europeiske unionen*.

5 Økonomiske og administrative konsekvensar

Avgjerda i EØS-komiteen vil innebære ei plikt for EFTA/EØS-statane til framleis å ta del i finansieringa av programmet.

Den finansielle ramma er på 69,5 millionar euro for heile toårsperioden, dvs. gjennomsnittleg 34,75 millionar euro per år. Til samanlikning er den finansielle ramma for Kultur 2000-programmet for den første programperioden (2000–2004) gjennomsnittleg 33,4 millionar euro per år.

For vidareføringa av programmet vil løyvinga frå EFTA/EØS-statane til Europakommisjonen rekna ut frå 2005-nivået (2,11%) vere 1 466 450 euro over to år. Med ein eurokurs på 8,5 vil dette utgjere om lag 12,4 mill. kroner over to år. I tillegg kjem administrasjonsutgifter til EU på om lag 234 000 euro eller 1 987 000 kroner. Noregs del (94,94%) vil vere om lag 13,7 mill. kroner, dvs. om lag 6,85 mill. kroner per år. Utgiftene vert dekte over budsjettet til Kultur- og kyrkjedepartementet, kapittel 320 post 75.

EFTA/EØS-statane skal i tillegg finansiere ein nasjonal ekspert for programmet. Per i dag arbeider det ein nasjonal ekspert frå Noreg med Kultur 2000-programmet, og det er lagt til grunn at Noreg fører vidare denne stillinga.

I tillegg til løyvinga til kulturprogrammet vert dei landa som tek del i programmet oppmoda til å drive ei nasjonal eining som skal administrere programmet, eit såkalla nasjonalt kontaktpunkt. Per i

Om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet)

dag ligg denne eininga i Norsk kulturråd. Kommisjonen refunderer utgiftene til drifta av kontaktpunktet med opp til 30 000 euro.

Gjennomføringa i norsk rett gjer det ikkje naudsynt med lov- eller forskriftsendring.

av 31. mai 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet). Utanriksdepartementet sluttar seg til dette.

Utanriksdepartementet

tilrår:

6 Vurdering og tilråding

Kulturprogrammet vil styrkje samhandlinga mellom kulturoperatorar i Noreg og Europa. For norske kulturaktørar er det viktig å kunne halde fram med å nyttiggjere seg eit program som alt er innarbeidd og å byggje vidare på det samarbeidet som er skipa gjennom den første programperioden.

Kultur- og kyrkjedepartementet rår derfor til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 626/2004/EF

At Dykkar Majestet godkjenner og skriv under eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet).

Vi HARALD, Noregs Konge,

stadfester:

Stortinget blir bedt om å gjere vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet), i samsvar med eit vedlagt framlegg.

Forslag

til vedtak om samtykke til deltaking i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd 626/2004/EF av 31. mars 2004 om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet)

I

Stortinget gjev samtykke til at Noreg tek del i ei avgjerd i EØS-komiteen om innlemming i EØS-avtala av avgjerd 626/2004/EF av 31. mars 2004

om vidareføring av rammeprogrammet for kultur (Kultur 2000-programmet).

Vedlegg 1

EØS-komiteens beslutning nr. [...] av [...] om endring av EØS-avtalens protokoll 31 om samarbeid på særlige områder utenfor de fire friheter

EØS-KOMITEEN HAR –

under henvisning til avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, endret ved protokollen om justering av avtalen om Det europeiske økonomiske samarbeidsområde, heretter kalt «avtalen», særlig artikkel 86 og 98, og

på følgende bakgrunn:

1. Avtalens protokoll 31 er endret ved EØS-komiteens beslutning nr. .../... av ...¹.
2. Samarbeidet mellom avtalepartenes bør utvides til å omfatte europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 626/2004 av 31. mars 2004 om endring av europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 508/2000/EF av 14. februar 2000 om fastsettelse av Kultur 2000-programmet².
3. Avtalens protokoll 31 bør derfor endres for å gjøre et slikt utvidet samarbeid mulig fra 1. januar 2005 –

BESLUTTET FØLGENDE:

Artikkel 1

I avtalens protokoll 31 artikkel 13 nr. 4 fjerde strekpunkt (europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 508/2000/EF) tilføyes følgende:

«, endret ved:

- 32004 D 0626: Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 626/2004 av 31. mars 2004 (EUT L 99 av 3.4.2004, s. 3).»

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft dagen etter at EØS-komiteen har mottatt alle meddelelser etter avtalens artikkel 103 nr. 1³.

Den får anvendelse fra 1. januar 2005.

Artikkel 3

Denne beslutning skal kunngjøres i EØS-avdelingen av og EØS-tillegget til *Den Europeiske Unions Tidende*.

Utferdiget i Brussel, [...].

For EØS-komiteen

Formann

[...]

EØS-komiteens sekretærer

[...]

¹ EUT L ...

² EUT L 99 av 3.4.2004, s. 3.

³ [Forfatningsrettslige krav angitt./Ingen forfatningsrettslige krav angitt.]

Vedlegg 2

Europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 626/2004/EF av 31. mars 2004 om endring av beslutning nr. 508/2000/EF om fastsettelse av Kultur 2000-programmet

EUROPAPARLAMENTET OG RÅDET FOR DEN EUROPEISKE UNION HAR —

under henvisning til traktaten om opprettelse av Det europeiske fellesskap, særlig artikkel 151, under henvisning til forslag fra Kommisjonen, under henvisning til uttalelse fra Regionkomiteen¹,

etter framgangsmåten fastsatt i traktatens artikkel 251² og

ut fra følgende betraktninger:

12. Ved europaparlaments- og rådsbeslutning nr. 508/2000/EF av 14. februar 2000 om fastsettelse av Kultur 2000-programmet³ ble det innført en felles ordning for finansiering og planlegging av kultursamarbeid for tidsrommet 1. januar 2000–31. desember 2004.
13. Det er viktig å sikre kontinuitet i Fellesskapets innsats på kulturområdet innenfor rammen av de oppgaver Fellesskapet er tildeelt i henhold til traktatens artikkel 151.
14. Kultur 2000-programmet bør derfor forlenges med to år fram til 31. desember 2006.
15. Revisjonen av de finansielle overslagene med sikte på utvidelse medfører et høyere tak for kategori 3, som må respekteres av lovgivende myndighet når eksisterende programmer forlenges.
16. Det er særdeles viktig at Kommisjonen senest 31. desember 2005 framlegger en full-

stendig og detaljert vurderingsrapport om Kultur 2000-programmet slik at Europaparlamentet og Rådet kan behandle forslaget om et nytt rammeprogram for fellesskapsinnsats på kulturområdet, som skal legges fram i 2004 og som er planlagt å tre i kraft i 2007 —

TRUFFET DENNE BESLUTNING:

Artikkel 1

I beslutning nr. 508/2000/EF gjøres følgende endringer:

1. I artikkel 1 nr. 1 endres datoen 31. desember 2004 til 31. desember 2006.
2. I artikkel 3 nr. 1 endres beløpet 167 millioner euro til 236,5 millioner euro.

Artikkel 2

Denne beslutning trer i kraft den tjuende dag etter at den er kunngjort *Den europeiske unions tidende*.

Den får anvendelse fra 1. januar 2005.

Utferdiget i Strasbourg, 31. mars 2004.

For Europaparlamentet
P. COX
President

For Rådet
D. ROCHE
Formann

¹ EUT C 23 av 27.1.2004, s. 20.

² Europaparlamentsuttalelse av 16. desember 2003 (ennå ikke offentliggjort i EUT) og rådsbeslutning av 8.3.2004.

³ EFT L 63 av 10.3.2000, s.1.

